



Stølsheimen
verneområdestyre

Møteinnkalling

Utval:	Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad:	Statsforvaltaren i Vestland, Solheimsgaten 13, 5058 Bergen
Dato:	21.03.2025
Tidspunkt:	12:30

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/25	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/25	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/25	Stølsheimen verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidler 2025		2024/16049
ST 4/25	Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Fjellhytta i Ortnevik - Endring av vilkår i løyve		2022/3603
ST 5/25	Stølsheimen verneområdestyre - møteplan 2025		2024/16270
ST 6/25	Orienteringar og referatsaker		
DS 1/25	Utvida frist - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - dispensasjon for motorferdsel - helikopter og snøskuter - kraftledning 420kV kabel - Refsdal-Modalen		2023/6438
DS 2/25	Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Holmavatnet i Sendedalen - motorferdsel med snøskuter		2025/3806
RS 1/25	Innspeil frå Nærøyfjorden verneområdestyre og Stølsheimen verneområdestyre - utredning av organisering av verneområdeforvaltere		2024/18199
RS 2/25	Orientering om utført tiltak - Stølsheimen landskapsvernområde - Torvedalen - montering av luker i bekkeinntak - Eviny Fornybar AS		2024/4599
RS 3/25	Uttale frå Stølsheimen verneområdestyre - Vik - Kommunal planstrategi 2024-2027 og planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036 - ref. 24/3251		2024/14802
RS 4/25	Kvittering på innsendt svar på Stølsheimen verneområdestyre		2024/18787
RS 5/25	Planleggingsmøte - Stølsheimen landskapsvernområde - skjøtselsarbeid i kulturlandskapet 2025		2023/18310
RS 6/25	Utredning av organisering av verneområdeforvaltere - invitasjon til Teams-møte 210125		2024/18201

ST 1/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 2/25 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2024/16049-5

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 14.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	3/25	21.03.2025

Stølsheimen verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidlar 2025

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre prioriterer tiltak og tiltaksmidlar for 2025 etter fylgjande tiltaksplan:

Tiltaksplan for Stølsheimen 2025	11.11.2024	14.03.2025
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Rev. budsjett
Framande tresalg		
Fossesete - fjerne smågran i nærområde	20 000	20 000
Framande artar klasespirea Vetlestraumen - fjerna	5 000	5 000
Sum framande artar	25 000	25 000
Skjøtsel av kulturlandskap		
*Administrasjon, prosjektleiar	33 200	33 200
Sylvarnesdalen - slått og Hansinaselbøen	17 400	17 400
Rosete - rydde tistel og slå sølvbunketuer	8 700	8 700
Fossesete - slått med ryddesag		3 480
Negardstølen - rydde oppslag av krattskog + tistel	8 700	8 700
Granden - rydde kratt på slåttemark, og skog i randsona til slåttemark	45 000	45 000
Ytsteflåten - slått, rydde kratt slåttemark og skog i randsona	45 000	45 000
Brydalen - fortsetje skjøtselen frå 2024	21 750	21 750
Dunevollen, fjerna vierkratt	10 875	10 875
Vøvringen, fjerna kratt og ev einer	10 875	10 875
Åsedalen og Halsetstølen, god vekst av sølvbunke	8 300	5 810



Beiting med dyr - nofence. Brydalen	100 000	100 000
Ekstra tiltak etter synfaring/tilsyn		10 740
Sum skjøtsel kulturlandskap	309 800	321 530
Skjøtsel av stølsvegar og stiar		
Restaurering av gamal sti i Sylvarnesdalen	13 760	13 760
Vedlikehald av stien mellom Finnabotnen og Fagerdalen	6 960	17 400
Sum skjøtsel stølsvegar og stiar	20 720	31 160
Informasjonstiltak		
Vik kommune: Parkeringsplass Tenne. Delfinansiering	50 000	43 840
Innfallsport frå Romarheim kryss	100 000	99 010
Innfallsport Stordalen fjellstove	100 000	100 000
Planlegging startpunkt Vikafjellet	80 000	54 460
Sum informasjonstiltak	330 000	297 310
SUM	685 520	675 000

Midlar 2025		
Tildelte tiltaksmidlar februar 2025		600 000
Tildelt grunnstøtte drift		75 000
Sum tilgjengelege midlar		675 000

Tabell 1 Endringar frå budsjett handsama av verneområdestyret 11.11.2024 er merka med raud bakgrunnsfarge.

Forvaltar kan i samråd med styreleiar fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak innan for budsjetttramma.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Rammer og opplegg for statsforvalterne og verneområdestyrene - midler til tiltak i verneområder og naturrestaurering, samt SNO-ressurser i verneområder – 2025, *Miljødirektoratet 07.11.2024*
- Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder, 2020-2025, *Miljødirektoratet*
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017

Bakgrunn

Stølsheimen verneområdestyre handsama tiltaksplan for 2025 i sak 34/24, 11.11.2024. Det vart på bakgrunn av dette sendt søknad til Miljødirektoratet om kr 614 802 i tiltaksmidlar. Miljødirektoratet har handsama søknaden og tildelt kr 600 000 i tiltaksmidlar for 2025 over post 1420.31 «Midlar til tiltak i verneområder». Det var og lagt inn eit par tiltak i søknaden med ein symbolsk søknadssum på 1 kr. Desse var planlagt finansiert ved bruk av



grunnstøtte til drift av nasjonalpark- og verneområdestyre over post 1420.21. Stølsheimen verneområdestyre har for 2025 fått tildelt kr 75 000 i midlar til grunnstøtte til drift og vedlikehald i samband med tiltak for besøksforvaltning.

Det betyr i praksis at tiltaka er so godt som fullfinansiert og at alle tiltak kan setjast i gang. Det må berre sparast inn om lag kr 10 000 samanlikna med søknaden.

Miljødirektoratet har handsama søknaden om midlar til driftsmidlar over post 1420.21 «Behovsinnmelding statsforvalteren». Det vart søkt om kr 184 332 til drift. Me vart tildelt kr 175 000 til drift og i tillegg dei kr 75 000 ein får i grunnstøtte.

I Miljødirektoratet sin strategi for bruk av midlar til tiltak i verneområde, oppfordrar dei til å prioritere tiltak som direkte motverkar negative påverknadsfaktorar i verneområdet. Vidareføring av allereie igangsett skjøtsel og vedlikehald av eksisterande tilrettelegging bør prioriterast over oppstart av nye tiltak.

Vurdering

Forvaltar rår til at tiltaksmidlane vert fordelt på tiltaka i tråd med føringane frå Miljødirektoratet.

Det er inngått avtale med Nils Kvamme om skjøtsel i landskapsvernområde i åra frå og med 2024 til og med 2025, med mogelegheit for forlenging av avtalen i inntil to år. Avtalen er inngått med atterhald om finansiering. Nils Kvamme er prosjektleiar for tiltaka og organiserer skjøtselsarbeidet i tråd med prioriteringar i tiltaksplanen, og i samarbeid med forvaltar. Skjøtselsarbeidet startar opp etter det er skrive avtale med grunneigarar i dei aktuelle områda.



Arkivsaksnr: 2022/3603-10

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 14.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	4/25	21.03.2025

Saksframlegg - Stølsheimen landskapsvernområde - Fjellhytta i Ortnevik - Endring av vilkår i løyve

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre gjev Ortnevik Grendelag løyve til å rive og bygge opp att fjellhytta på fjellet mellom Vikjeskåra og Preikestolen med nokre endringar i vilkåra. Dei endra vilkåra er understreka. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Det gamle bygget skal rivast, og nytt bygg skal setjast opp att på same staden.
- Hytta skal byggjast etter same prinsippet som den gamle med enkelt reisverk. Utvendige mål på bygget skal ikkje endrast. Utvendige mål skal vera inntil 3,2 meter x 4,2 meter flate, og mønehøgde på inntil 3,1 meter.
- Fasade på bygget skal ikkje endrast. Det vil sei at bygget skal ha liggande kledning. Vindauga kan ha ein storleik på inntil 1,2 meter x 1meter. Det skal vera gjennomgåande sprosser i vindauga. Dør og dørøpning skal ha same storleik og utforming som døra i bygget i dag.
- Takvinkel og takutstikk skal ikkje endrast, og vera i tråd med teikningar som er lagt ved søknaden. Taktekkingsmateriale skal vera bylgjeblikk med svart/grå farge.
- Kledningen på hytta skal enten vere ubehandla og gråne naturleg, eller vere behandla på ein måte som gjev den ein farge lik naturleg gråna material.
- Det kan støypast grunnmur under hytta på langsida mot nord, eller berre i hjørna på nordveggen, for å få flatt underlag til hytta. Høgda skal avgrensast til det som er naudsynt for å få flatt underlag. Grunnmuren skal blendast med stein frå området. Betongmuren skal i størst mogleg grad ikkje vera synleg frå utsida. Alternativt til støypt grunnmur, kan grunnmur murast av stein som kan boltast fast i fjellet.
- Etter arbeidet er avslutta skal området ryddast, og bygningsrestar og avfall skal fraktast ut av området.
- Bygget er ei sikrings- og kvilebu, og skal stå open for folk som vandrar i fjellet.
- Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.



- Dersom det vert endringar på planane, skal endringane vurderast av verneområdestyret før arbeidet kan fortsetja.
- Løyve til tiltaket er gyldig til 31.12.2025. Det må søkjast om nytt løyve dersom arbeidet ikkje er starta innan denne datoen.

Dette løyvet er berre behandla etter verneforskrifta og naturmangfaldlova. Søkjar må ta kontakt med Høyanger kommune for løyve etter anna lovverk.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om endra vilkår ny fjellhytte, Ortnevik grendelag, datert 27.02.2025
- Søknad om ny fjellhytte, Ortnevik grendelag, datert 22.02.2022
- Utvalsak 12/22 - Stølsheimen landskapsvernområde – Fjellhytta i Ortnevik – nytt bygg

Søknaden vert vurdert etter:

- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.1990
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 1-2017
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009
- Spor etter stølsdrift i Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr. 4-2011, *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*

Ortnevik grendelag fekk i utvalssak 12/22 den 04.04.2022 løyve frå Stølsheimen verneområdestyre til å rive og bygge opp att fjellhytta på fjellet mellom Vikjeskåra og Preikestolen. Løyvet vart gitt løyve med følgjande vilkår:

- *Det gamle bygget skal rivast, og nytt bygg skal setjast opp att på same staden.*
- *Hytta skal byggjast etter same prinsippet som den gamle med enkelt reisverk. Utvendige mål på bygget skal ikkje endrast. Utvendige mål skal vera inntil 3,2 meter x 4,2 meter flate, og mønehøgde på inntil 3,1 meter.*
- *Fasade på bygget skal ikkje endrast. Det vil sei at bygget skal ha liggande kledning med ulik breidde. Vindauge kan ha ein storleik på inntil 1,2 meter x 1 meter. Det skal vera gjennomgåande sprosser i vindauga. Dør og dørøpning skal ha same storleik og utforming som døra i bygget i dag.*
- *Takvinkel og takutstikk skal ikkje endrast, og vera i tråd med teikningar som er lagt ved søknaden. Taktekkingsmateriale skal vera bylgjeblikk med svart/grå farge.*
- *Kledningen på hytta skal ikkje målast, men gråne naturleg.*
- *Det kan støypast grunnmur under hytta på langsida mot nord, eller berre i hjørna på nordveggen, for å få flatt underlag til hytta. Høgda skal avgrensast til det som er naudsynt for å få flatt underlag. Grunnmuren skal blendast med stein frå området. Betongmuren skal i størst mogleg grad ikkje vera synleg frå utsida. Alternativt til støypt grunnmur, kan grunnmur murast av stein som kan boltast fast i fjellet.*
- *Etter arbeidet er avslutta skal området ryddast, og bygningsrestar og avfall skal fraktast ut av området.*
- *Bygget er ei sikrings- og kvilebu, og skal stå open for folk som vandrar i fjellet.*
- *Det skal sendast rapport med bilde av tiltaket til sekretariatet når arbeidet er slutført.*
- *Dersom det vert endringar på planane, skal endringane vurderast av verneområdestyret før arbeidet kan fortsetja.*

- *Løyve til tiltaket er gyldig til 31.12.2025. Det må søkjast om nytt løyve dersom arbeidet ikkje er starta innan denne dato.*

Ortnevik grendelag søkjer no om å få endra to av vilkåra i løyvet. Dei ynskjer ta bort vilkåret om at kledninga skal ha ulik breidde, og dei ynskjer å få løyve til å bruke olja kledning, med ein farge som er mest mogeleg lik gråna material, i staden for ubehandla kledning.

Søknaden om å endre frå liggjande kledning med ulik breidde på kledningsborda til lik breidde, er grunngjeve med eit bilete frå hytta var ganske ny. Biletet ser ut til å vise kledning med lik breidde, sjå *Figur 1*.

Grendelaget ynskjer å nytte kledning som er behandla med olje med ein farge som liknar naturleg gråna materialar. Hytta står veldig vêrhardt til og er snøa ned om vinteren. Dei ber difor om å få bruke olja kledning for å få ei mest mogeleg varig hytte.



Figur 1. Bilete av fjellhytta kring 1920.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter «så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, fjerning eller inngrep i faste kulturminne frå nyare tid, så som bygningar...» jf. punkt IV nr.1. Vanleg vedlikehald av bygningar med tradisjonelle materiale kan gjennomførast utan særskilt løyve. I følgje verneforskrifta punkt VI nr. 3 kan forvaltningsmynde gje løyve til «Restaurering og



gjennomføring av stølshus i stølsområda». Fjellhytta er ikkje eit stølshus, og tiltaket må difor vurderast etter den generelle dispensasjonsregelen som er § 48 i naturmangfaldlova «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensyn til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig». I denne saka kan det vera aktuelt å vurdere dispensasjon etter fyrste ledd og fyrste alternativ: «ikkje er i strid med verneformålet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentlig mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Fjellhytta er sett opp som eit enkelt reisverkbygg, og er eit viktig kulturminne som fortel ei historie om bruken av området. For å ta vare på den historiske verdien til bygget, er det viktig å ikkje endre utforming og fasade på bygget, men vidareføre dei knappe detaljane som viser den enkle utforminga av bygget. Det er samstundes viktig å

På biletet som er lagt ved søknaden ser det ut til at kledningsborda er av tilnærma lik breidde. Å krevje kledningsbord av ulik breidde ved oppatt bygging av fjellhytta vil truleg vere fordyrande for tiltakshavar utan at det vil bety mykje for ivaretaking av verneverdien til bygget. At det vert nytta same type kledningsbord er viktigare enn at kledningsborda er av ulik breidde. Å ta bort vilkåret om at det skal nyttast kledningsbord av ulik breidde vil etter sakshandsamar si vurdering ikkje redusere verneverdiane nemneverdig.

Å nytte ubehandla kledning på ein så utsett stad vil kunne medføre at hytta treng hyppigare vedlikehald enn elles. Om det vert nytta behandla kledningsbord, med ein farge som er mest mogeleg lik gråna material, så vil det etter sakshandsamar si vurdering ikkje redusere verneverdien til bygningen nemneverdig. Samstundes vil behovet for framtidig vedlikehald verte redusert monaleg. Lengre vedlikehaldsintervall vil kunne redusere behovet for framtidig motorferdsel til hytta.

Viser elles til vurderingar gjort i utvalsak 12/22 - Stølsheimen landskapsvernområde – Fjellhytta i Ortnevik – nytt bygg

Konklusjon

Etter ei samla vurdering meiner forvaltar at endra vilkår som søkt om ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig. Ortnevik grendelag bør få justerte vilkåra i løyvet slik at dei kan nytte kledning med lik breidde og behandle kledninga slik at den vert meir haldbar.



Arkivsaksnr: 2024/16270-0

Sakshandsamar: Anbjørg Nornes

Dato: 14.03.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Stølsheimen verneområdestyre	5/25	21.03.2025

Stølsheimen verneområdestyre - møteplan 2025

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre skal ha jamlege møte i 2025 for å handsame saker i verneområdestyret og fylgje opp tiltak og besøksstrategi i verneområdet. Dersom det ikkje er saker til dei planlagde styremøta, kan eit møte avlysast eller utsettast. Ved hastesaker kan det gjennomførast ekstra styremøte innimellom dei planlagde møta. Styret avgjer om nokon av møta kan gjennomførast som digitale møte.

Møteplan 2025:

- 21. mars: Styremøte med revidering av tiltaksplan for 2025. Møtestad Bergen
- 2. april: Digitalt styremøte
- 10. juni: Styremøte med synfaring i Ortnevik
- 8. - 9. september: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval, Torvedalen eller Sendedalen
- 1. desember: Styremøte og planleggingsmøte med SNO for 2026

Saksopplysningar

I fylgje vedtektene, bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer (punkt 7). Det har dei siste åra vore vanleg med 5-6 møter i Stølsheimen verneområdestyre, der dei fleste har vore med fysisk oppmøte, og eit har vore eit to-dagarsmøte med synfaring. I 2024 var det planlagt 5 styremøte, men det vart gjennomført 7 møte.

Vurdering

I styremøte 11.11.2024 la verneområdestyret opp ein plan for møte i 2025. På bakgrunn av denne har forvaltar har lagt fram eit framlegg med 5 styremøte i 2025, fordelt utover året ettersom når det pleier å vere mange/viktige saker å handsame. To viktige møtetidspunkt for verneområdestyret kvart år er i februar og i desember. I februar er det prioritering av tiltak, og i desember er det planlegging av tiltak for neste år.



For at styret skal få best mogleg kunnskap om verneområdet dei har forvaltningsansvar for, bør nokon av styremøta gjennomførast i kombinasjon med synfaringar i området. Den beste sesongen for å sjå på tiltak i felt er mellom juni og september, avhengig av snømengde og mål for synfaringa. I Stølsheimen har ein valt å ha dialogmøtet i samband med ei slik synfaring. I 2024 var det planlagt synfaring til Rappen, men denne måtte avlysast på grunn av dårleg ver. I 2025 er planen å ha styremøte og synfaring i Ortnevik for styret, og styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval i Torvedalen eller Sendedalen. Styret avgjer kva område som vert valt ut i frå kva tiltak som er aktuelle å sjå på.

ST 6/25 Orienteringar og referatsaker



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3133
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

STATNETT SF
Postboks 4904 Nydalen
0423 OSLO

Saksbehandler Tor Arne Hauge

Vår ref. 2023/6438-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 14.02.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	1/2025
----------------	--------

Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - dispensasjon for motorferdsel - helikopter og snøskuter - kraftledning 420kV kabel - Refsdal-Modalen

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
04.04.2024, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Stølsheimen verneområdestyre gjev Statsnett SF utvida løyve til motorisert ferdsel med helikopter og snøskuter, i samband med oppisolering av 300kV kraftledning Refsdal-Modalen gjennom Stølsheimen landskapsvernområde. Løyvet gjeld i periodane 01.02.-31.03.2025 og 11.08.-15.09.2025.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld på same vilkår som er gitt i vedtak i styresak 15/2023 (viser til vedtak i saka), med nokre mindre justeringar. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Transport med helikopter og snøskuter av materiale, utstyr og mannskap til mastene, og uttransport av restmateriale.
- Det kan gjennomførast inntil 120 turar med helikopter fordelt på åra 2023, 2024 og 2025.
- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Det skal meldast frå til Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen på tlf. 97097720, seinast dagen før oppstart av arbeidet kvart år. Han vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane og villrein.
- Det skal ikkje køyrast med snøskuter nærare villrein enn 500 meter, og det skal ikkje landast med helikopter nærmare villrein enn 1000 meter.
- Alt avfall og restmateriale skal transporterast ut av området straks tiltaket er gjennomført.
- Det skal sendast skriftleg rapport til sekretariatet innan 31.desember 2025. Rapporten skal innehalde opplysningar om kva periode det har vore transport med helikopter og snøskuter.

Vi gjer merksam på at dette løyvet berre er handsama etter verneforskrifta.



Dokument i saka

- Søknad om dispensasjon for motorisert ferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde, *Statnett SF*, 27.01.2025
- Dispensasjon – Stølsheimen landskapsvernområde – motorferdsel – helikopter – ATV – bygging – drive kraftledning 420 kV kabel – Refsdal-Modalen, saksprotokoll 15/23, Stølsheimen verneområdestyre 09.06.2023
- Søknad om motorferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde, *Statnett SF*, 24.04.2023
- Fråsegn frå Villreinnemnda til søknad frå *Statnett* om motorisert ferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde, *Statsforvaltaren i Vestland*, 11.02.2025

Søknaden

Statnett SF fekk i styresak 15/2023 - 09.06.2023 dispensasjon for motorisert ferdsel i Stølsheimen landskapsvernområde, i samband med oppisolering av 300 kV kraftledning Refsdal-Modalen. Verneområdestyret gav då løyve til motorisert ferdsel med helikopter i periodane 15.08.-30.10.2023 og 01.07. - 30.10.2024. På grunn av utfordrande værtilhøve har Statkraft ikkje klart å gjere ferdig nødvendig arbeid. Statkraft SF søker difor om løyve til bruk av motorisert køyretøy i periodane 01.02.-31.03.2025 og 11.08.-15.09.2025. Det vert denne gong søkt om bruk av snøskuter i tillegg til helikopter.

Vurdering

Stølsheimen verneområdestyre har gitt løyve til motorisert ferdsel med helikopter i periodane 15.08.-30.10.2023 og 01.07.2024. I saksframlegget i denne saka vart motorferdsla vurdert som naudsynt for å få etablert den nye kraftledningen. Tiltaket vart vurdert som samfunnsnyttig og at det låg føre særlege grunnar for å gje dispensasjon frå verneforskrifta til motorferdsel. Forvaltar vurderte motorferdsla til å vere i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta punkt VI nr. 6.

Det vert no ikkje søkt om fleire landingsløyve for helikopter enn det som vart gjeve i styresak 15/2023, altså 120 turar med helikopter samla, fordelt på tre år. Fire turar for kvart mastepunkt. Det nye i denne søknaden, utover at tidsperioden vert utvida, er at det vert søkt om bruk av snøskuter ein periode på vinteren, frå 01.02.-31.03.2025.

Statkraft SF fekk våren 2024 avslag på søknad om motorisert ferdsel med trakkemaskin i perioden 29.04.-07.06.2025. Avslaget var grunngjeve med konflikt med villreininteresser, då perioden var midt i den mest sårbare tida for villreinen, kalvingstida. Villreinnemnda har denne gong kome med positiv uttale. Dei er godt nøgd med at Statnett SF har teke omsyn til kalvingstida for villrein og unngår motorferdsel etter 1.april.

Transporten føregår i eit villreinområde, og føre-var-prinsippet jf. § 9 i naturmangfaldslova vert vektlagt ved at det vert vist særleg omsyn til villreinen, og at det vert sett som vilkår om at det ikkje skal skje motorferdsel i perioden 01.04.-11.08.2025

Forvaltar vurderer at det kan gjevast løyve til motorisert ferdsel med snøskuter og helikopter i perioden 01.02.-31.03.2025, men at det vert sett som vilkår at det skal takast særleg omsyn til villreinen. Det skal ikkje køyrast med snøskuter nærare villrein enn 500 meter og det skal ikkje landast med helikopter nærmare villrein enn 1000 meter.



I tillegg til vurderinga over, er vurderinga i styresak 15/2023 lagt til grunn for vurderinga i denne saka.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

VIK KOMMUNE

VOSS HERAD

Statnett v/Maria Lyngstad
Statnett v/Miroslav Radojcic
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og
Raudafjell
SNO Aurland

Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Postboks 145	5701	VOSS



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Besøksadresse
Onstadvegen 25
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47
Direkte: +47 5764 3133
sfvlpost@statsforvalteren.no
<https://www.nasjonalparkstyre.no/stolsheimen>

Jorunn Hirth
Myrkdalsvegen 655
5713 Vossestrand

Saksbehandlar Tor Arne Hauge

Vår ref. 2025/3806-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 07.03.2025

Delegert vedtak

Delegasjonssak	2/2025
----------------	--------

Delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - Holmavatnet i Sendedalen - motorferdsel med snøskuter

Delegert vedtak

*I medhald av delegeringsreglement vedteke av Stølsheimen verneområdestyre
04.04.2024, vert det gjort fylgjande vedtak:*

Jorunn Hirth får løyve til transport med snøskuter frå rv.13 i starten av Sendedalen til Holmavatnet i perioden frå 08.mars til og med 1.april 2025. Transporten vert gjort i samband med vedlikehald av torvtak på hytte ved Holmavatnet. To pallar (om lag 2000 kg) med torv skal fraktast inn til hytta ved Holmavatnet.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6, og gjeld med fylgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 6 turar (tur/retur) mellom rv.13 og Holmavatnet. Alle turane skal gjennomførast i løpet av same dag.
- Av omsyn til friluftslivet bør det ikkje køyrast på søndagar.
- Det skal køyrast etter den vanlege køyretraseen inn Sendedalen.
- Under køyring skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv. Dersom det er villrein i området må transporten stoppast, eller køyreruta leggjast om for å unngå møte med villreinen. Av omsyn til villrein skal transporten om mogeleg gjennomførast før 1.april.
- Køyrebok skal fyllast ut før turen startar. Køyrebok og dette løyvet skal vere med under transport.
- Det skal sendast skriftleg rapport eller retur av køyreboka til sekretariatet innan 15.mai 2025. I rapporten skal det vere med opplysningar om dato for transport og tal turar.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er handsama etter verneforskrifta, og at det i tillegg må hentast inn naudsynte løyve til motorferdsle frå Voss kommune og grunneigarar i området.

Saksopplysningar

Dokument som er bakgrunn for saka:

- Søknad frå Jorunn Hirth om løyve til motorferdsel i verneområde, datert 04.03.2025




Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Stølsheimen landskapsvernområde av 21.12.1990
- Naturmangfaldlova av 19.juni 2009
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, rapport nr.1 – 2017

Jorunn Hirth søker om løyve til å transportere om lag 2 tonn torv frå rv.13 til Holmavatnet i Sendedalen. Torva skal nyttast til reparasjon av eksisterande torvtak på hytte. Det er søkt om 5-6 turar med skuter (tur/retur). Transporten skal gjennomførast i løpet av ein dag i tidsrommet 8.mars til 13.april 2025.

Førar av snøskuteren er Ståle Hirth.



Figur 1. Køyrrute. Henta frå søknaden

Søknaden har vore sendt over til Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell til uttale. Sekretær for villreinnemnda svara fylgjande i epost datert 07.03.2025:

«Villreinnemnda har ikkje avgjerande merknader til det omsøkte tiltaket. Nemnda meiner det er viktig at SNO blir kontakta for om mogleg få vite om det er dyr i området. Villreinnemnda meiner og at køyringa må gjerast før 1. april med tanke på kalvingstrekk.»



Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern av Stølsheimen er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jamfør verneforskrifta punkt III. Vidare seier reglane i forskrifta at motorferdsle på land og innsjøar, og landing med luftfartøy er forbode, jamfør punkt IV nr.4. Verneområdestyret kan gje løyve til «naudsynt transport av mat, brensel og utstyr til turisthyttene, transport av materiale og utstyr i samband med bygging, transport i samband med jakt, og elles når særlege grunnar ligg føre» jamfør punkt VI nr.6.

Etter naturmangfaldlova (NML.) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal kome fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Motortransport er i utgangspunktet ulovleg i verneområdet, og skal avgrensast til det som er naudsynt. Søknaden gjeld transport av torv til reparasjon av eit hyttetak med gamal torv som er i sliten ned.

Uttak av torv på staden kunne ha vore eit alternativ til å frakte inn torv med snøskuter. Men det føreset at der er brukande torv i nærleiken til hytta og at det vert gjeve dispensasjon frå verneforskrifta til slikt uttak av torv. I tillegg til redusert motorferdsel ville ein med bruk av lokal torv unngå innførsel av framand plantemateriale til verneområdet. Ei ulempe med bruk av lokal torv er at det vil medføre varige sår i det naturlege plantedekket som seint vil reparerast. Området rundt hytta er, i følgje søkjar grunnlendt og utan gode førekomstar av brukbar torv. Hytta ligg høgt, om lag 970 moh., nokon som gjer at ny vegetasjon seint vil dekkje sår etter uttak av torv.

Transport kan gjevast løyve til etter verneforskrifta når særlege grunnar ligg føre. Torv til reparasjon av eit torvtak på ei hytte, på ein stad der det ikkje er eigna med lokalt torvuttak vil ikkje vere i strid med reglane verneforskrifta.

Kunnskapen om området er kjent gjennom forvaltningsplan og rapportar om stølar i Stølsheimen (rapport nr. 4 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). Stølsheimen er ein del av Fjellheimen villreinområde, og villrein nyttar området nær Sendedalen og Grøndalen heile året. Det er viktig å avgrense motorferdsle i området til naudsynt transport for å unngå å uroe villreinen som kan vere i området, dette er ekstra viktig på ettervinteren, som er ei særleg sårbar tid for villreinen. Der er eit viktig trekkområde for villrein der dei kryssar rv.13. i enden av Sendedalen. Der er og markert ei trekkroute innerter dalen, parallelt med transportruta frå rv.13 til hytta ved Holmavatnet. Kunnskapsgrunnlaget jamfør naturmangfaldlova § 8 vert vurdert som godt for å vurdere saka, og føre-var-prinsippet jamfør § 9 i naturmangfaldlova vert difor tillagt lita vekt.

Sendedalen er eit mykje nytta friluftsområde, og om vinteren er det mange som går på ski innover dalen. Det er viktig å ta omsyn til dei strenge reglane for motorferdsel slik at omfanget av uro for folk og dyr blir minst mogeleg. Forvaltninga skal vurdere den samla belastninga på området og økosystemet jamfør naturmangfaldlova § 10. Den totale motorferdsle i området har vore aukande dei siste åra, og forvaltninga vurderer det som viktig å avgrense motorferdsle for å unngå stor belastning på naturmiljøet.



Grunneigarane/hytteigarane vert oppmoda om å samordne transporten. Det er med å avgrense tida med motorisert ferdsel i verneområdet.

Naturmangfaldlova § 11 er vurdert som ikkje relevant i denne saka.

Frakt med snøskuter vil vere ei praktisk god løysing som ikkje gjev varige spor i terrenget. Det vert vurdert som ein miljøforsvarleg metode jamfør naturmangfaldlova § 12, då dette ikkje påverkar verneverdiane utover den tida transporten føregår.

Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell har i sin uttale datert 07.03.2025 peika på at køyring med snøskuter bør gjerast før 1. april, med tanke på kalvingstrekk.

Forvaltar vurderer transport som vert gjennomført innan 1.april vil vere i tråd med det som forvaltninga kan gje løyve til etter verneforskrifta og forvaltningsplanen.

Informasjon om klagerett

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker, jamfør forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til og sjå saksdokument.

Med helsing

Tor Arne Hauge
Fungerande verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Ståle Hirth
STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VOSS HERAD
SNO Aurland
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og
Raudafjell

Mørkveslii 31 5713 Vossestrand
Njøsavegen 6863 LEIKANGER
2

Postboks 145 5701 VOSS

RS 1/25 Innspel frå Nærøyfjorden verneområdestyre og Stølsheimen verneområdestyre - utredning av organisering av verneområdeforvaltere
RS 2/25 Orientering om utført tiltak - Stølsheimen landskapsvernområde - Torvedalen - montering av luker i bekkeinntak - Eviny Fornybar AS
RS 3/25 Uttale frå Stølsheimen verneområdestyre - Vik - Kommunal planstrategi 2024-2027 og planprogram for ny samfunnsdel til kommuneplanen 2025-2036 - ref. 24/3251
RS 4/25 Kvittering på innsendt svar på Stølsheimen verneområdestyre
RS 5/25 Planleggingsmøte - Stølsheimen landskapsvernområde - skjøtselsarbeid i kulturlandskapet 2025
RS 6/25 Utredning av organisering av verneområdeforvaltere - invitasjon til Teams-møte 210125